

## Rettleiing

Forslaget må ha ei overskrift som nemner det parti eller den gruppa som har fremja forslaget. Viss listeforslaget er fremja av eit registrert politisk parti, skal overskrifta vere **einslydande med partiet sitt registrerte namn** (ikkje namn på lokallaget). Registrerte politiske parti kan velje om partiet sitt namn skal skrivast på bokmål eller nynorsk.

Forslaget må og nemne kva **valdistrikt** det gjeld for og **kva for val**.

Det må stå kva for kandidatar som stiller til val på lista. Kandidatane skal vere oppført i rekkefølge med fornamn, etternamn og fødselsår.

Ved kommunestyreval skal listeforslaget vere utfylt med **minimum 7** kandidatar. I Hemsedal **maksimum 23** kandidatnamn.

Ved kommunestyrevalet i Hemsedal kan **inntil 4** av dei øvste kandidatane på listeforslaget gjevast eit **stemmetillegg**.

Namn (fornamn, etternamn) på kandidatar som skal ha stemmetillegg skal uthevast ved å bruke STORE bokstavar/**feite** typar. Namn på andre kandidatar skal skrivast på vanleg måte.

På stemmesetlane er felte for namn avgrensa til maksimalt 30 teikn (inkludert mellomrom). Det vil derfor vere ein fordel å opplyse om korleis namn som er lengre enn 30 teikn skal visast på stemmesetelen.

For parti som kan stille listeforslag etter forenkla reglar er det tilstrekkeleg at listeforslaget er underskrive av **to styremedlemer** i partiet sitt lokallag.

Underskrivarane må ha stemmerett i kommunen.

Andre parti/grupper må til valet i Hemsedal i 2023 ha underskrift frå minimum **38 personar** med stemmerett i kommunen under sine listeforslag.

Underskrifter **må stå på same ark** som listeforslaget for å vere gyldige. Bruk difor **tosidig utskrift** når du skriv ut malen. Viss ei liste skal ha fleir underskrifter enn det er plass til i malen, må det skrivast ut fleire eksemplar av malen. Tenestetorget har tosidige originalar for utdeling.

Underskriftene er underlagt teieplikt og skal ikkje offentleggjerast.

Alle som fremjar listeforslag skal ha ein tillitsvald og ein varatillitsvald. Ved behov, skal dei tillitsvalde ha mynde til å forhandle med valstyret i kommunen om endringar på listeforslaget. Kven dette er, skal gjevast opp på listeforslaget:

Før opp «tillitsvald» eller «vara» ved namnet til vedkomande. Dette bør vere dei to øvste underskriftene.

Viss fleire underskrivarar skal fungere som tillitsutval, med mynde til å trekkje listeforslag attende, bør dette også gjevast opp i listeforslaget. Kontaktopplysingar til det tillitsvalde bør gjevast opp.

## **Frist for innlevering er klokka 12 den 31.mars i valåret.**

Saman med listeframlegget **skal** følgjande vedlegg til listeframlegg innleverast, jf. vallova § 6-4:

- Ei oversikt over fødselsdatoane til kandidatane.
- Ei oversikt over fødselsdato og bustadadresse til dei som har underskrive på listeframlegget. (bruk kommunen sin mal til listeforslag, side 2)
- Dersom ein kandidat til fylkestingsval eller kommunestyreval ikkje er innført i folkeregisteret som busett i fylket eller i kommunen når listeframlegget blir innlevert, må det liggje ved ei erklæring frå kandidaten om at han/ho vil vere valbar på valdagen.
- Dersom ein kandidat til fylkestingsval eller kommunestyreval ikkje er valbar på grunn av si stilling, må det leggjast ved ei erklæring frå kandidaten om at han/ho vil ha gått av frå stillinga når fylkestinget eller kommunestyret kjem i funksjon.